



## Seminar: Verna skip som formidlingsarena

Norheimsund 1. – 2. mars 2023

Hardanger fartøyvernssenter inviterer til lunsj til lunsj seminar med tema verna skip som formidlingsarena og korleis me gjer fartøya relevante i vår tid. Aktuelle deltakarar er alle som er engasjert i fartøyvern.

Ei utfordring i fartøyvernet er å gjera fartøya interessante for publikum. Møte med publikum skjer gjennom vår formidling av fartøya som maritime kulturminne. Denne erkjenninga gjer at fartøyvern handlar om meir en vedlikehald og drift, og at rekruttering av frivillige skjer gjennom aktiv formidling.

Seminaret har mål av seg til å løfte fram gode eksempel på formidlings- og rekrutteringsarbeid og gi inspirasjon og auka kunnskap kring temaet.

Aktuelle tema:

- Å forstå fartøyet som teknisk – historisk «arkivkjelde»
- Livet om bord og det store bilete av samanheng fartøyet stod i (kontekst)
- Korleis gjera fartøyet interessant som kulturminne i dag
- Fartøyet som formidlingsarena «ein ekte scene»
- Verktøy for rekrutting av frivillige

### Program

Onsdag 1. mars

- |         |                                                                                                                                                           |
|---------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| kl 1200 | Registrering, betaling og lunsj                                                                                                                           |
| kl 1300 | Velkomen til Hardanger fartøyvernssenter                                                                                                                  |
| kl 1305 | Introduksjon til seminaret v/Geir Madsen, seminarleiar og seniorkonsulent ved HFS                                                                         |
| kl 1320 | Ditt fartøy er unikt; fartøyet som historisk-teknisk kjelde v/Håvard Gjerde, fartøyvernkonsulent ved HFS                                                  |
| kl 1410 | Formidling løftar opplevinga av reisa med DS «Stord I» v/ Harald Kvinge, styremedlem DS Stord                                                             |
| kl 1600 | Frivilligheit og engasjement; motivere, vedlikehalde og utvikle. Workshop med Sidsel Haugen, tidl. leiar av frivilligsentralen i Kvam, no tilsett ved HFS |
| kl 1900 | Felles 3-rettars middag på Thon Sandven hotel                                                                                                             |



*MS Granvin med gjester i Fykkesund, Hardanger 2012.  
Hardingfela sin arnestad fortald og spela av Arne Fykse.  
Foto: HFS*

Torsdag 2. mars

- kl 0900 SJ Mathilde - 30 år med formidling v/Heidi Richardson, museumsleiar HFS
- kl 1000 DS Hestmanden - om å sjå an sitt publikum v/Stian Engedal Lunde, formidlar Norsk krigsseilermuseum
- kl 1100 Galeas Gurine i Rosendal engasjerer og organiserer til frivilligheit v/Anders Jordal, styreleiar og Bjarne Øymyr, driftsansvarleg
- kl 1200 Lunsj med evaluering og ordet fritt. Forslag til neste års tema v/Morten Hesthammer HFS (Atterhald om endringer i programmet.)

### Praktisk informasjon

Seminarer er på Hardanger fartøyvernssenter som ligg sentralt i Norheimsund. Deltakaravgift kr 600,- dekkjer lunsj begge dagar, samt kaffi og kaffimat. Det er lagt opp til felles 3-rettars middag og sosialt samvær onsdag kveld på Thon Hotel Sandven. Middag kostar kr 595,- pr pers. og betalast direkte til hotellet. HFS har avtale med Thon hotel Sanden om overnatting for kr 1295,- pr pers. (ved bestilling, sei at du har avtale med fartøyvernssenteret). Det finnes og ulike hytteutleige og Airbnb i området.

Buss til /frå Bergen-Norheimsund linje 925:

onsdag 1. mars avg. Bergen busstasjon kl 0955 med ank. Norheimsund kl 1120

torsdag 2. mars avg. Norheimsund kl 1258 med ank Bergen kl 1425

### Påmelding

Meld deg på via epost eller telefon til

[sidse.haugen@fartoyvern.no](mailto:sidse.haugen@fartoyvern.no) | 411 03 643.

Sidse kan og kontaktast angående praktiske ting.

Har du spørsmål om innhald og fagleg opplegg ta kontakt med Geir Madsen

[geir.madsen@fartoyvern.no](mailto:geir.madsen@fartoyvern.no) | 489 94 241

### Litt meir om temaet

Verna fartøy er i seg sjølv ein unik formidlingsarena og «tidsmaskin», men opplevinga for publikum er i stor grad avhengig av korleis fartøyet blir formidla. Teknisk-historisk kunnskap om fartøyet er grunnmuren som må ligge i botn for formidlinga. Kunnskap om livet om bord og konteksten fartøyet stod i gir historia liv og relevans.



*Leirskuleelevar i aktivitet med å pakke segl om bord på hardangerjakta Mathilde. Seglfartøy har ein ekstra dimensjon ved at det er lett å legge til rette for aktivitet og involvering. Foto: HFS*

Verna fartøy kan gi publikum gode opplevingar og inspirere til frivillig innsats i fartøyvernet. Større seglfartøy kan aktivisere publikum ved at det krevs mange hender til enkelt fysisk arbeid med setting av segl. Dette gir ei god kjensle av «the real thing» og *fysisk innleving i historia*.

På Fjordsteam i Bergen blei det lagt opp til organisert «rutetraffikk» til/frå Vågen i dei gamle båtrutene. Dette ga eit godt tidsbilete og publikum fekk ei kjensle av *tidsreise*. Mystic Seaport i USA driv *formidling ved å sette*

*opp tablå* ved bruk «skuespelarar (frivillige)» som driv med alt frå harpunering til setting av segl.

Det er mange moglegheiter for formidling i fartøyvernet. Me har den mest fantastiske scena i form av vårt eige historiske fartøy. Dette er gull verdt, men ein formidlingsplan/ regi må til for å få til god formidling. Maritime museum kan ha gode formidlingsprogram utarbeida av historikarar og pedagogar, medan frivillige fartøyprosjekt er prisgitt medlemmene sine pedagogiske evner. Her er det behov for nye grupper frivillige som ikkje primært er opptekne av det tekniske, men heller historieforteljinga til omverda. Det bør vera stor motivasjon i at god formidling gir grunnlag for rekruttering av nye generasjonar som er sårt trengt i fartøyvernet.

Her er det berre vinn – vinn!

# Velkommen!